



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Grete Hamre
Telefon: 57643141
E-post: fmsfgrh@fylkesmannen.no

Vår dato
12.11.2014
Dykkar dato
30.05.2014

Vår referanse
2014/2322 - 461.5
Dykkar referanse

Sogn og Fjordane Skogeigarlag
Postboks 185
6801 FØRDE

Sogn og Fjordane Skogeigarlag - løyve til mudring og dumping i Amlabukti på Kaupanger

Fylkesmannen gir Sogn og Fjordane Skogeigarlag løyve etter ureiningsregelverket til mudring og dumping av lausmassar i Amlabukti i Sogndal kommune. Løyvet er gitt på nærare vilkår, og tiltaket må gjennomførast innan to år.

For arbeidet Fylkesmannen har hatt med løyvet er det vedteke eit gebyr på kr 20.600,-.

Vi viser til søknad datert 30.05.2014.

Sogn og Fjordane Skogeigarlag planlegg forlenging av eksisterande utskipingskai for tømmer i Amlabukti og har søkt Fylkesmannen om løyve etter ureiningsforskrifta til mudring og dumping i sjøen.

Med heimel i § 22-6 i forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) gir Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Sogn og Fjordane Skogeigarlag løyve til mudring av ca. 1450 m³ massar over eit areal på vel 1200 m² og dumping av massane over eit areal på om lag 1000 m² i Amlabukti i Sogndal kommune. Løyvet er gitt med vilkår.

Løyvet gjeld i 2 år. Dersom tiltaka ikkje vert gjennomførte innan denne fristen, fell løyvet bort. Alternativt må det i god tid søkjast om forlenging av løyveperioden.

Vilkår for løyvet

1. Tiltaket skal utførast innanfor dei områda det er søkt om.
2. Fylkesmannen skal varslast når arbeidet vert sett i gong.
3. Det skal nyttast metodar for mudring og dumping og handtering av massar som minimerer faren for spreining av ureining. Metodane for mudring og dumping må vere slik at eit minimum av vatn vert blanda saman med massane under opptak og dumping.
4. Overflatesedimenta som inneheld ureining skal mudrast først og leggjast nedst i dumpeområdet.
5. Tiltaket skal utførast under rolege vind- og bølgetilhøve slik at uønskt partikkelspreining som følgje av dette vert unngått.
6. For å hindre spreining av partiklar, skal det nyttast siltgardin rundt heile området som til ei kvar tid vert mudra. I den grad det er mogleg skal lekteren som skal transportere massane, stå utanfor siltgardina slik at ein slepp å opne og lukke gardina når lekteren skal flyttast. Alternativt kan det lagast ein port i siltgardina. Det skal dagleg utførast visuell kontroll av gardina.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

7. Effekten av siltgardina skal overvakast ved turbiditetsmåling. Grenseverdi for turbiditet vert sett til 5 NTU over turbiditeten på ein referansestasjon i eit upåverka område så nær til tiltaksområdet som mogleg. Dersom turbiditeten kjem over grenseverdien må arbeidet stansast og det må setjast i verk naudsynte tiltak både for å finne årsaka til overstiginga og for å bringe turbiditeten tilbake på stabilt nivå under grenseverdien. Resultata frå turbiditetsmålingane skal loggførast.
8. Dersom det oppstår unormale tilhøve som har eller kan få ureiningsmessige konsekvensar, skal tiltakshavar straks melde frå til Fylkesmannen.
9. Det skal utarbeidast ein sluttrapport der resultata av arbeidet vert presenterte og vurderte i høve til vilkåra som er sette i løyvet. Rapporten skal sendast til Fylkesmannen **innan seks veker** etter at tiltaket er gjennomført og skal m.a. innehalde:
 - Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk har blitt mudra og dumpa (rekna i m³ eller tonn).
 - Plassering av massane (kart med posisjon og UTM-koordinatar)
 - Omtale av korleis arbeidet er utført (metodar).
 - Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva korrigerande tiltak som er sette i verk.
 - Vurdering av kva miljøpåverknad tiltaket har ført med seg.

Omtale av tiltaket

Skogeigarlaget har i dag ein utskipingskai for tømmer i Amlabukti i Sogndal kommune. Kaien har etter kvart vorte for liten, og det er planlagt å forlenge han med 40 m. Utanfor kaien er det ved lågast astronomiske tidevatn (LAT) i dag ei djupne på 5,5 m på det grunnaste. Ettersom fartøya i tømmerfarten gradvis har vorte større, har det no vorte for grunt utanfor kaien, og det må mudrast i sjøbotnen for at dei største båtane ikkje skal grunnstøyte. I tillegg må det mudrast for å få naudsynt djupne utanfor den nye delen av kaien. Skogeigarlaget har difor søkt om løyve til å mudre til saman ca. 1450 m³ lausmassar over eit areal på om lag 1200 m² ned til 8 m djupne. Mudringa skal utførast med gravemaskin plassert på lekter. Massane skal lessast opp på splittlekter og dumpast over eit areal på om lag 1000 m² på 20-30 m djupne like aust for kaien.

Tiltaket er, i følgje Miljødirektoratet sin rettleiar for handtering av sediment (TA 2960/2012), klassifisert som eit mellomstort tiltak.

Det er teke sedimentprøvar frå det planlagde mudreområdet utanfor kaien. Analyseresultata viser at sedimenta er ureina.

Høyring

Søknaden har vore lagt ut til offentleg ettersyn ved tenestetorget i Sogndal kommune i tida 24. juni - 15. juli 2014. Han vart også send direkte til berørte naboar og andre partar i saka i følgje oppgitt adresseliste. I tillegg vart søknaden kunngjort i Sogn Avis og på Fylkesmannen si heimeside.

Det har kome inn fire uttaler til søknaden:

Sogndal kommune «Like ved gardstunet på Kaupanger Hovedgård vart det drive eit mindre impregneringsverk i tida 1971-1999. Det kan ha vore utslepp til sjøen i samband med dette. Det bør vurderast miljøgransking av sjøbotnen. Området det er søkt om for dumping av massar, vil ligge i grenseområdet til føreslegen marin verneplan for Sognefjorden».

Sogndal kommune hadde elles ingen merknader til søknaden.

Amlabukti grendalag meiner at det bør gjerast ei grundig kartlegging av tilhøva i Amlabukti før det ev. vert gitt eit løyve. Grunnen til dette er at området det er søkt om over tid har vore nokså belasta av utslepp frå ulike hald: avsig frå avfallsplass og industriområde på Kaupangerskogen, impregneringsverket på Kaupanger Hovedgård, dumping av batteri og likn. frå Shellstasjonen på Kaupanger kai, utslepp frå ferjer (botnstoff) og botnstoff frå båtane i småbåthamna like ved. Ein del av desse utsleppa er no stogga, og ein reknar med at uheldige avleiringar har stabilisert seg. Ved å byrje å «rote» i desse massane gjennom mudring og dumping, vil dei kunne virvlast opp og verte spreidde i området.

Kaupanger båtlag seier at det i tiltaksområdet er både krepsbestand, gyteplass for raudspette og mykje krabbe. Dei meiner at massane bør dumpast lenger ute for ikkje å komme i konflikt med desse bestandane. Dei er også redde for at massane kan verte førte tilbake dit dei vart mudra frå.

Fiskeridirektoratet viser til at det er registrert eit låssetjingsområde for brisling på andre sida av Amlabukti, ca. 600 m unna tiltaksområdet. Det er viktig at det vert teke omsyn til låssetjingsplassen ved handsaminga av søknaden. Når det er fisk i steng må det takast særskilde omsyn ved sprenging, mudring og dumping.

Sogn og Fjordane Skogeigarlag sine merknader til dei innkomne uttalene:

Tiltakshavar har fått tilsendt uttalene og har kome med følgjande merknader.

Til Sogndal kommune: Avstanden mellom det gamle impregneringsverket og mudreområdet er ca. 350 m. Impregneringsverket låg ved munninga av Kaupangselvi. Elva har nok sørge for at straumen har vore ganske konstant retningsbestemt. Eit nes som ligg like nedanfor det gamle impregneringsverket har nok medverka til at straumen har blitt styrt i meir austleg retning godt utanom mudreområdet. Det er usannsynleg at det ligg noko forureining frå impregneringsverket korkje i mudre- eller i dumpeområdet.

Til Kaupanger Båtlag: Det er nytta Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy. Her er det ikkje registrert gyteområde eller fiske etter kreps eller krabbe i tiltaksområdet.

Til Amlabukti grendalag:

Avsig frå avfallsplassen og industrifeltet: Dette feltet ligg oppe ved handlesenteret på Kaupanger. Noko sigevatn kan ha blitt ført med elva til Amlabukti. Men at dette har sedimentert framfor tømmerkaien er nærast usannsynleg.

Impregneringsverket på Kaupanger Hovedgård: Sjå merknad til uttale frå Sogndal kommune.

Dumping av batteri og likn. frå Shellstasjonen: Dette er på andre sida av Amlabukti ca. 550 m frå tømmerkaien. Det er heil usannsynleg at noko avsig frå dette kan ha hamna framfor tømmerkaien eller i dumpeområdet. Desse batteria skal også i følgje lokalkjente folk ha blitt tatt opp og fjerna for nokre år sidan.

Utslepp frå ferjer (botnstoff m.m.) som har vore i opplag på den omsøkte kaien:

Det har i kortare periodar lege ei ferje eller ein båt ved kaien til sagbruket. Ferjer og båtar som ligg i ro ved ein kai, vil ikkje ha utslepp av botnstoff. Det er når båtar bevegar seg at det kan vere noko avskaling av botnstoff.

Botnstoff frå båtar i småbåthamna: Det er vel ikkje skadelege gifter i dagens botnstoff for småbåtar. Botnstoffet vil bli avskala når båtar bevegar seg og ikkje når dei ligg i ro i hamna.

Til Fiskeridirektoratet: Låssetjingsplassen er omtalt i søknaden.

Fylkesmannen sine vurderingar

Mudring og dumping av massar i sjø er regulert av kapittel 22 i ureiningsforskrifta. I medhald av § 22-6.i forskrifta kan Fylkesmannen, etter søknad, gi løyve til slik aktivitet. Ved avgjerda

om det skal gjevast løyve, har vi lagt vekt på dei ureiningsmessige ulempene ved tiltaket sett opp mot dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre.

Ureiningssituasjonen i mudreområdet

Sjøbotnen i mudringsområdet er undersøkt av dykkar og syner seg å bestå av sand og grusmassar. Det er relativt lite tang og tare på botnen. I følgje søkjar skal det ikkje tidlegare ha vore dumpa massar i området.

I to av uttalene som kom inn under høyringa, vart det peika på at tidlegare aktivitet i Amlabukti kan ha ført til ureining av sjøbotnen. Dette gjeld utslepp og avsig frå avfallsplassen til Sogndal kommune og frå industrifeltet, ureining frå eit tidlegare impregneringsverk ved Kaupanger Hovedgård, avskalning av botnstoff frå båtar og ferjer og ureining frå småbåthamna like ved. Tiltakshavar vart difor beden om å få tatt sedimentprøvar i det aktuelle området.

Hausten 2006 vart det utført ei marinbiologisk undersøking for å kartleggje miljøtilstanden i heile Sognefjorden. I samband med dette prosjektet vart det mellom anna undersøkt om sigevatn frå Simas sitt avfallsdeponi i Festingedalen kan ha ført til ureining av sjøbotnen i fjorden rundt Kaupanger (SAM-Unifob, Rapport nr. 5 2007). Det vart då teke ut sedimentprøve mellom anna midt i innløpet til Amlabukti (prøvepunkt Kau 2). Resultat av kjemiske analysar av tungmetall viser at alle tungmetalla og sju enkeltstoff av PCB, i følgje Miljødirektoratet sitt klassifiseringsverktøy for sediment (TA 2802/2011), svarte til tilstandsklasse I. Konsentrasjon av sum PAH svarte til tilstandsklasse II.

I slutten av september 2014 vart det teke ut tre sedimentprøvar frå mudreområdet. Prøvetakingspunkta er merka av på kartskisse over mudringsområdet. Prøvane vart analyserte for tungmetall, organiske miljøgifter og tributyltinn (TBT). Resultata frå analysane viser at to av prøvane (prøve 1 og 2) i følgje Miljødirektoratet sin rettleiar for risikovurdering av ureina sediment (TA 2802/2011), er moderat ureina med PAH-stoffet antracen. Den eine prøven (prøve 1) er i tillegg moderat ureina med kopar. Ut frå resultata ser det ut til at ureininga er størst nord i mudreområdet.

Desse funna kan vere eit resultat av aktiviteten ved det tidlegare impregneringsverket, då både kopar og antracen vert brukt i treimpregneringsmiddel. Antracen står som eitt av PAH-16-stoffa på lista over prioriterte miljøgifter.

Sidan enkeltresultata frå to av prøvane overstig grenseverdien for risikovurdering etter Trinn 1 i rettleiaren, vil sedimentet kunne utgjere ein miljørisiko. Gjennomsnittet av resultata for dei tre prøvane ligg under grenseverdien for kopar, men det ligg over grenseverdien for antracen. Området kan difor ikkje «friskmeldast», så det bør setjast i verk avbøtande tiltak for å hindre spreiding av ureining under mudringa.

Det er grunn til å gå ut frå at sedimenta er ureina i eit tynt lag på overflata. Ved å fjerne desse overflatesedimenta først og leggje dei nedst i deponiet, for deretter å dekke dei med reine massar, vil den totale ureiningssituasjonen i området verte betra. Dette er under føresetnad om at ureininga ikkje vert spreidd under mudringa.

Resultata viste elles at sedimenta var lite ureina (stort sett i tilstandsklasse I og II).

Dumpeområdet

Sognefjorden er kandidat område til marin verneplan. Amlabukti er omfatta av dette området, og grensa til det aktuelle verneplanområdet ligg ca. 150 m aust for kaien. Dumpeområdet ligg 40-60 m aust for kaien og har ei djupne på 20-30 m. Det vil difor liggje nær grensa til det føreslegne marine verneområdet.

Avbøtande tiltak

Ved fjerning av ureina sediment er det svært viktig at det vert sett i verk naudsynte avbøtande tiltak som er tilpassa dei lokale tilhøva slik at spreining av partiklar vert unngått under mudringa. Det skal også vere etablert eit kontroll- og overvakingsprogram der partikkelmengda vert registrert, anten kontinuerleg eller i gitte tidsintervall. Ved overskriding av grenseverdi, skal arbeidet stansast til årsaka til overskridingane er klarlagde og naudsynte tiltak er gjennomførte.

Sikring med siltgardin eller tilsvarande vil hindre at oppvirvla og eventuelt ureina sediment vert spreidd til områda omkring.

Vurdering etter vassforskrifta

Området det er søkt om for mudring og dumping høyrer inn under vassførekomsten **0280020100-1-C Sognefjorden** (www.vann-nett.no) som er karakterisert som «beskyttet kyst / fjord». Økologisk tilstand er karakterisert som antatt «god». Kjemisk tilstand oppnår «god».

Sognefjorden er ein svært stor vassførekomst, og det difor kan vere store lokale variasjonar med omsyn til økologisk og kjemisk tilstand.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at tiltaket vil kunne føre til forringing av vassførekomsten jf. føringar som ligg i *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta).

Konsekvensar for naturmangfaldet

Tiltaket er vurdert etter *Lov om forvatning av naturens mangfold* (naturmangfaldlova).

Fylkesmannen er ikkje kjend med at det finst viktige naturtypar eller sårbare dyre/planteartar i tiltaksområdet jf. Naturbase.

Det er heller ikkje registrert viktige gyte- eller oppvekstområde for fisk i nærleiken, jf. Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy. Det finst eit låssetjingsområde for fisk på austsida av Amlabukti, men dette ligg over 600 m unna tiltaksområdet.

Fylkesmannen finn difor at tiltaket ikkje vil vere til vesentleg skade eller ulempe for miljøet i høve til føringane som ligg i naturmangfaldlova.

Fylkesmannen sine merknader til dei innkomne uttalene

Fylkesmannen har gått gjennom høyringsuttalene frå Kaupanger Båtlag, Amlabukti grendalag, Fiskeridirektoratet og Sogndal kommune, og vi har følgjande merknader:

I uttalen frå Kaupanger båtlag kjem det fram at det i tiltaksområdet er både krepsebestand, gyteområde for raudspette og mykje krabbe, og at det føregår fritidsfiske etter desse artane. Vi vurderer at slik løyvet er gitt med vilkår, så vil ikkje mudre-og dumpearbeidet føre til nemneverdig ulempe for fisken i området. I følgje Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy er det ikkje registrert viktige bestandar eller gyteområde i Amlabukti.

I uttalene frå Sogndal kommune og Amlabukti grendalag kom det fram at sjøbotnen kan vere ureina på grunn av tidlegare aktivitet. Tiltakshavar vart difor beden om å få teke sedimentprøvar i mudreområdet. I tillegg kom det fram at dumpeområdet ligg på grensa til eit planlagt marint verneområde. Arbeidet med den marine verneplanen for Sognefjorden har enno ikkje starta opp.

Fiskeridirektoratet opplyste om at det finst eit låssetjingsområde for fisk på austsida i Amlabukti, og at det må takast omsyn til ved dette ved at det ikkje vert utført mudrearbeid når det er fisk i steng. I dette løyvet har vi sett som vilkår at tiltaket skal utførast på ein måte som ikkje fører til spreining av finpartikulært materiale i vatnet. Dette vil redusere fare for at det oppstår ulemper for fisk i steng.

Utover dette inneheldt ikkje uttalene ny informasjon som skulle tilseie at det ikkje skal kunne gjevast løyve til mudring og dumping

Konklusjon

Fylkesmannen gir løyve etter ureiningsforskrifta kapittel 22 til mudring og dumping av massar etter fastsette vilkår. Vilkåra som er sette i løyvet vil bidra til at mudringa ikkje vil føre til nemneverdig ureining eller forringing av dei biologiske og økologiske tilhøva i tiltaksområdet.

Gebyr for sakshandsaming

Som varsla i e-post frå Fylkesmannen datert 24.06.2014 vert gebyret for handsaming av søknaden plassert i gebyrsats 4, jf. ureiningsforskrifta § 39-3 og § 39-4.

Det har ikkje kome merknad til varslet og vi vedtek med dette at Sogn og Fjordane Skogeigarlag skal betale eit gebyr på kr 20.600,-.

Dersom vi ikkje får merknad til vedtaket innan tre veker, vert faktura for innbetaling til statskassa send frå Miljødirektoratet. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere om eller setje nye vilkår for løyvet og ev. trekkje løyvet attende etter reglane i ureiningslova § 18.

Ansvar

Sjølv om det er gitt løyve, pliktar den ansvarlege å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og av vanlege erstatningsreglar jf. kapittel 8 og 10 i ureiningslova. Dette løyvet frittek ikkje søkjaren frå å hente inn naudsynte løyve eller samtykkje frå andre styresmakter eller privatpersonar.

Offentleggjering av løyvet

Ålmenta skal gjerast kjent med vedtaket jf. ureiningsforskrifta kap. 36 «behandling av tillatelser etter forurensningsloven» § 36-11. Vedtaket vert kunngjort i lokalpressa for dykkar rekning. Kunngjeringa vil innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Vedtaket vert også kunngjort på Fylkesmannen si heimeside www.fylkesmannen.no/sogn-og-fjordane.

Klagerett

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan tre veker etter at avgjerda er motteken jf. forvaltningslova § 29. Klageretten gjeld også vedtak om gebyr for sakshandsaminga. Jf. § 41-5 i ureiningsforskrifta. Eventuell klage bør grunnjevast skriftleg og skal rettast til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
Assisterande fylkesmiljøvernssjef

Grete Hamre
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Christen Knagenhjelm, Kaupanger Hovedgård, Strondi 2, 6854 Kaupanger
Kaupanger Båtlag v/Arne Viddal, Mattisstykkje 8, 6854 Kaupanger
Odd Hundershagen, Havnebakken 3, 6854 Kaupanger
Edin Vedvik, Havnebakken 2, 6854 Kaupanger
Oddrun Vedvik, Havnebakken 2, 6854 Kaupanger
Amlabukti grendalag v/Christian Zurbuchen

Kopi pr. e-post:

Sogndal kommune
Fiskeridirektoratet
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Kystverket